



## STORTINGET

# Innst. 500 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget  
fra finanskomiteen

Dokument 9 (2024–2025)

### Innstilling fra finanskomiteen om Noregs Banks representantskap – Rapport for 2024

Til Stortinget

## Sammendrag

Representantskapet skal minst éin gong i året leggje fram for Stortinget ei fråsegn om tilsynet med Noregs Bank.

Rapporten presenterer representantskapet sine avgjerder og det gjennomførte tilsynet med verksemda til Noregs Bank for 2024.

Ansvaret til representantskapet følgjer av sentralbanklova. Representantskapet skal føre tilsyn med drifta i Noregs Bank og med at føresegnene for verksemda blir følgde.

Noregs Bank er delt inn i to verksemdsområde, sentralbankverksemda og forvaltinga av Statens pensjonsfond utland, som har kvar sin daglege leiar. Sentralbanksjefen er òg leiar av hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Representantskapet skal føre tilsyn med at hovudstyret styrer og har kontroll med heile Noregs Bank på ein tilfredsstillande måte, og med at det er etablert gode rutinar for å sikre at verksemda blir utøvd i samsvar med lov, avtalar, vedtak og anna rammeverk på alle område.

Representantskapet har godkjent Noregs Banks årsrekneskap for 2024, som hovudstyret har utarbeidd, og vedtatt Noregs Banks budsjett for 2025 etter forslag frå hovudstyret.

Hovudstyret har hatt god styring av og kontroll med administrasjonen og verksemda i Noregs Bank i 2024. Representantskapet har ikkje avdekt forhold som gir grunnlag for særskilde merknader.

Representantskapet har gått igjennom protokollane til hovudstyret og meiner at dei bør skrivast meir utfyllande. Slik det er no, må representantskapet ta opp viktige saker i møta for å få ei forklaring på konklusjonane og drøftingane til hovudstyret.

For å sikre openheit meiner representantskapet at argument og konklusjonar bør komme tydeleg fram i protokollen.

Hovudstyret rapporterer til representantskapet at risikostyringa og internkontrollen i Noregs Bank er gjennomført på ein tilfredsstillande måte.

- Risikoeksponeringa i kapitalforvaltinga har gjennom året vore innanfor den definerte risikotoleransen til hovudstyret.
- Risikoeksponeringa i sentralbankverksemda har gjennom året vore innanfor risikotoleransen til hovudstyret.
- Styresamansetjinga og kompetansen i styret oppfyller sette krav på ein god måte.

Representantskapet legg vesentleg vekt på korleis hovudstyret følgjer opp og vurderer risikostyring og internkontroll.

Representantskapet tok hovudstyret si vurdering av risikosituasjonen og internkontrollen i Noregs Bank for 2024 til etterretning.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eigil Knutsen, lederen Tuva Moflag, Ramani Nordli, Bjørnar Skjæran, Maria Aasen-Svensrud og Rigmor Aasrud, fra Høyre, Tina Bru, Mahmoud Farahmand, Helge Orten og Eirik Lae Solberg, fra Senterpartiet, Emilie Mehl, Ole André Myhrvold og Geir Pollestad, fra Fremskrittspartiet, Hans Andreas Limi og Roy Steffensen, fra Sosialistisk Venstreparti, Andreas Sjalg Unneland, fra Rødt, Marie Sneve Martinussen, fra Venstre, Ane Breivik, fra Miljøpartiet De Grønne, Sigrid Zurbuchen Heiberg, og fra Kristelig Folkeparti, Kjell Ingolf Ropstad, tar omtalen til orientering.

Komiteen viser til sentralbankens arbeid med neste generasjons oppgjørssystem og merker seg at representantskapet er opptatt av hvordan sikkerhet og beredskap ivaretas i en fremtidig organisering. Komiteen støtter dette og viser til betydningen av at viktig infrastruktur er under tilstrekkelig nasjonal kontroll.

Komiteen merker seg at representantskapet har vært opptatt av om investeringene i SPU kan knyttes til okkupasjonen på Vestbredden og andre brudd på folkeretten i konflikten mellom Israel og Palestina. Representantskapet har i lys av dette undersøkt hvordan rammeverket for observasjon og utelukkelse av selskaper og godkjenning av markeder og land blir etterlevd. Det konkluderes med at styring og drift, og arbeidsdelingen mellom Etikkrådet, hovedstyret og NBIM, er i tråd med

retningslinjer og mandat. Representantskapet mener likevel at forståelsen av roller og ansvar ikke er like tydelig kjent utad, og at det kan være behov for å klargjøre og kommunisere ansvarsforholdene tydeligere. Representantskapet bemerker også at det tar tid fra hovedstyret får en tilråding fra Etikkrådet, til avgjørelsen blir offentliggjort, og spør seg om prosessen kan gjøres raskere eller på en annen måte. Komiteen merker seg dette og ber Finansdepartementet vurdere behov for å både klargjøre og kommunisere ansvarsforhold og prosesser ytterligere i forbindelse med den tidligere varslede gjennomgangen av arbeidet med ansvarlig forvaltning av Statens pensjonsfond utland, jf. Meld. St. 9 (2021–2022) Statens pensjonsfond 2022.

Komiteen viser også til at Språkrådet gjennomførte tilsyn med Norges Bank i 2023, som viste at kravet om å over tid bruke minst 25 pst. nynorsk i allment tilgjengelige dokumenter, ikke etterleves. Komiteen er tilfreds med at representantskapet følger opp saken og påser at banken iverksetter tiltak.

## Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til dokumentet og råår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 9 (2024–2025) – Noregs Banks representantskap – Rapport for 2024 – vedlegges protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 27. mai 2025

**Tuva Moflag**

leder

**Eigil Knutsen**

ordfører

